

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
26. 05. 2016	
Ark saknr 14/2016	Fødselsnr
	Tilgangskode



Til politisk og administrativ leiing i kommunen

Dato: 24.05.2016

Informasjon om bygging av kraftleidning frå Modalen til Mongstad

BKK Nett vil halda politisk og administrativ leiing i dei aktuelle kommunane godt orientert om bygginga av ny 420 (300) kV kraftleidning frå Modalen til Mongstad. Dette brevet gjev status for kvar utbyggingsprosjektet står i dag. I tillegg vil me invitera dykk til eit felles møte i månadsskiftet august/september for å kunna gi meir informasjon. Me kjem tilbake seinare med framlegg til datoar.

Sikrar kraftforsyninga i regionen

Meir enn ti år har gått sidan BKK Nett byrja planleggja å sikra kraftforsyninga til regionen ved å byggja ein ny 420 kV kraftleidning frå Modalen til Kollsnes. Første del av kraftleidningen frå Mongstad til Kollsnes er snart ferdig bygt, og leidningen vil verta spenningssett ved utgangen av 2016.

Som kjent vart det av Kongen i Statsråd 19. juni 2015 gjeve konsesjon for bygging og drift av andre del av 420 kV kraftleidningen frå Modalen til Mongstad. Vedtaket var endeleg, og kunne såleis ikkje påklagast.

No er detaljplanlegging og prosjektering av kraftleidningen frå Modalen til Mongstad i gang. Når anlegget står ferdig, vil den nye kraftleidningen danna ei ytre ring som bidreg til å sikra kraftforsyninga til innbyggjarar, næringsliv og industri i regionen.

Kva skal byggjast

Det skal byggjast ein ny 420 (300) kV leidning frå Steinsland i Modalen til Mongstad i Lindås. Det inneber å:

- Byggja ny koplingsstasjon i Steinsland.
- Byggja ny 56 km lang luftleidning.
- Byggja ny transformatorstasjon i Haugsvær (Masfjorden).
- Leggja 7 km sjøkabel frå Iledalsvågen (Gulen) til Mongstad (Lindås).
- Byggja to landtak for sjøkabel.
- Leggja om 132 kV luftleidning frå Matre kraftverk til Haugsvær, med kabel gjennom Matre.
- Riva 132 kV leidning Frøyset – Matre.

BKK Nett skal prosjektera, inngå kontraktar og byggja leidningen, og stå som eigar av anlegget fram til spenningssetting. Når leidningen vert sett i drift, vil eigarskapen gå over til Statnett.

Framdriftsplan i grove trekk


- Det vert sendt eit orienteringsbrev til alle dei råka grunneigarane før krav om skjønn vert sendt til tingretten. Fristen for å krevja skjønn er 19. juni 2016, fordi kravet i lova er at skjønn må vera krevd seinast eitt år etter at vedtak om løyve til ekspropriasjon vart fatta, for at løyvet ikkje skal falla bort.
BKK Nett har som intensjon å inngå minnelege avtalar med grunneigarane, men me er avhengige av å ha ekspropriasjonsløyvet for å sikra framdrifta i prosjektet. Ekspropriasjon vil kun verta gjort gjeldande overfor dei grunneigarane som me ikkje lykkast i å få i stand minnelege avtalar med. Anlegget må vera detaljprosjekttert før me kan forhandla om minnelege avtale, då me på det noverande tidspunktet ikkje kjenner eksakt omfang av inngrepet på alle eigedomane.

- Miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) vert parallelt med detaljprosjekteringa utarbeidd i samsvar med krav frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).
- Medarbeidarane i prosjektet vil synfara leidningstraséar, stasjonstomter og landtak 2. juni.
- Undersøkingar av sjøbotnen i Iledalsvågen vil verta gjennomført før sommaren.
- Det er planlagt byggjestart 2. kvartal 2017, med mål om at anlegget skal kunna setjast i drift andre kvart i 2019.

BKK Nett vil dessutan invitera grunneigarar og andre interesserte til informasjonsmøte i forkant av byggjestart.

Me ønskjer å halda dykk så godt informert som mogleg undervegs i prosjektet. Fram til me har avtala eit informasjonsmøte til hausten må de gjerne ta kontakt med vår prosjektleiar, Christian Moe, for ytterlegare spørsmål, e-post: christian.moe@bkk.no, mob.nr. 993 39 641.

Venleg helsing
BKK NETT AS


Thor André Berg
adm.direktør